



VF-rapport nr. 8-2025

Framtidas Hodlekve

Oppsummering av arbeidsverkstader som innspel til planprogram og kommunedelplan for Hodlekve

Bror Kristian Raanaas Tandberg, Irmelin Gram-Hanssen, Mari Hanssen Korsbrekke, Kyrre Groven og Halvor Dannevig

VF-rapport	8-2025
Utgitt av	Vestlandsforskning
Adresse	Postboks 163, 6851 Sogndal
Prosjekttittel	Integrate Nature-Based Solutions
ISBN	978-82-428-0489-1
Oppdragsgivar	Sogndal kommune Driving Urban Transitions (EU)
På framsida	Skisenteret i Hodlekve under fjellsportfestivalen
Alle foto	Kyrre Groven

Creative Commons Namngiving 4.0 Internasjonal lisens
Vestlandsforskning 2021: CC BY-NC 4.0

www.vestforsk.no

Kort fortald

Hodlekve er ein viktig plass for mange i og rundt Sogndal, og utviklinga i Hodlekve skapar stort engasjement lokalt. I 2025 skal Sogndal kommune i gang med eit planprogram og utvikling av ein kommunedelplan for Hodlekve. I samarbeid med kommunen har Vestlandsforskning arrangert tre arbeidsverkstader med «nye» og «gamle» sogndølar vinter og vår 2024-2025, samt to opne møte vår og sommar 2025, for å diskutere korleis Hodlekve skal utvikle seg for framtida. Denne rapporten er ei kort oppsummering av dei viktigaste læringspunktane frå denne prosessen, og er meint som eit innspel til planarbeidet Sogndal kommune no er i gang med.

Kva har vi gjort?

Verkstadene hadde to hovudformål: å bidra med kunnskap og nye perspektiv inn mot kommunen sitt arbeid med ny arealplan for Hodlekve, og å utvikle og teste ut ein ny metode for samskaping rundt arealbruk. Dette diskuterte vi på dei tre arbeidsverkstadene:

Verkstad 1 - Verdier og visjonar

- Kva betyr Hodlekve for kvar enkelt deltakar?
- Kva for verdier og prinsipp skal ligge til grunn for arbeidet?
- Kva for visjonar har vi for Hodlekve?

Verkstad 2 – Haldningar og utfordringar

- Kva for utfordringar og moglegheiter ser vi i Hodlekve i dag og i framtida?
- Ser vi ulikt på utfordringane og moglegheitene, og korleis kan vi sameinast?

Verkstad 3 – Mot konkrete løysingar

- Kva for scenario ser vi for oss for Hodlekve?
- Kva ville vere ideelle løysingar med bakgrunn i verdiane og måla våre?
- Korleis kan dei konkrete løysingane møte både praktiske behov og ta omsyn til menneske og natur?

Kven deltok?

Vi inviterte meir enn 30 sogndølar til å delta på tre arbeidsverkstader på Quality Hotel Sogndal i løpet av vinteren og våren 2024-2025. 27 innbyggjarar deltok på ei eller fleire samlingar (sjå boksen under). Deltakarane som vart vald ut representerte ei brei vifte av ulike interesser, organisasjonar og næringar i planområdet (eit såkalla «stakeholder panel»). Samlingane var lukka og deltakarane vart inviterte av Vestlandsforskning for å sikre ein jamn representasjon av ulike interesser og synspunkt. Under samlingane vart deltakarane spurd om å legge «hattane» sine til side og kome til samlingane som privatpersonar, ikkje som representantar for deira verksemd eller organisasjon. I stor grad var dei same deltakarane med på alle samlingane, men nokre kunne ikkje vere med alle gongane.

Desse deltok på ei eller fleire samlingar:

Anders Johan Almås, Arild Aase, Astrid Hove, Bjarte Haugen, Emma Steinsland Hamre, Eyvind Øgard, Frida Isungset, Hanna Lie Bakken, Hedda Romberg, Hedvig Ødeby Karlsen, Hilde Østbø, Jarle Aarvoll, Jomar Haukås, Jonas Aasen Engebø, Julia Levin, Kamilla Marifjæren, Kim Andre Navarsete, Kristian Ertnes, Liv Astrid Norheim Kusslid, Martin Thorvaldsen Venedik, Odd Rune Vikheim, Rolf Navarsete, Sigrid Ølmheim, Steinar Nes, Tom Dybwad, Torkjel Solbraa og Vilma Rinde Dahl

Meir om forskningsprosjektet

Arbeidsverkstadene er ein del av det internasjonale forskningsprosjektet «[Integrate Nature-based Solutions](#)», leidd av Vestlandsforskning i samarbeid med forskarar, kommunar og organisasjonar i Polen, Spania og Sverige. Prosjektet har til formål å skape ein ny metode for samskaping av kunnskap rundt arealbruk, som prøver å inkludere mange ulike interesser og perspektiv og som vektar sosial og miljømessig berekraft høgt. Prosjektet er utvikla i regi av den europeiske plattformen for forskningsfinansiering «[Driving Urban Transitions](#)» (DUT) og den norske delen av prosjektet er finansiert av Noregs forskingsråd. Seniorforskar Irmelin Gram-Hanssen leiår prosjektet og har hatt hovudansvar for denne medverknadsprosessen.

Rammeverk for verkstadene

Verkstadene vart utforma på bakgrunn av eit rammeverk om korleis ein kan få til gjennomgripande samfunnsendingar, kalt «tre sfærar for transformasjon». Rammeverket tilseier at personlege verdiar ligg til grunn for politiske strukturar og praktiske løysingar, noko som må diskuterast i lag dersom ein skal kome fram til berekraftige løysingar.



“Three Spheres of Transformation framework”, henta frå [O’Brien og Sygna \(2013\)](#) basert på [Sharma \(2017\)](#).

Kva har vi lært?

Dei tre verkstadene ga mykje læring, både for deltakarane og forskarane. Her prioriterer vi den læringa som er nyttig for det vidare arbeidet til kommunen, oppsummert i fire punkt:

1. Medverknad og samskaping
2. Verdigrunnlag og rettleiing for utvikling
3. Premissar for utvikling og tydeleg kommunikasjon
4. Viktige omsyn og moglege strategiar

1. Medverknad og samskaping

Folk i Sogndal bryr seg om Hodlekve og det er viktig at dei får høve til å påverke korleis Hodlekve skal utviklast for framtida. Møteplassar der ein kan diskutere på tvers av interesser og visjonar skapar større forståing og respekt og aukar sjansen for å finne gode kompromiss.

Det var ikkje vanskeleg å finne sogndølar som ville delta på verkstadene for Framtidas Hodlekve, sjølv om det vart lagt opp til tre kveldssamlingar på 2,5 time kvar. Dette vitnar om eit stort engasjement kring Hodlekve blant folk i Sogndal og at mange ynskjer å påverke korleis plassen skal utviklast for framtida. Også på dei to opne folkemøta dukka mange engasjerte lokale opp. Trass i fleire forsøk klarte vi ikkje å rekruttere innbyggjarar med fleirkulturell bakgrunn, og berre få representantar for grupper som ikkje nyttar Hodlekve aktivt i dag.


Det fungerte veldig bra å samle folk med ulike interesser og erfaringar gjennom dei tre verkstadene. Spørjeundersøkingar som vi sendte til deltakarane etter kvar verkstad viser at dei opplevde deltakinga som meningsfull og interessant. Svara peikar også på at deltakarane har utvikla seg gjennom prosessen. Blant deltakarane var mange motiverte av ei bekymring for at området skal slutte å vere ein god møteplass for både lokale og folk utanfrå. Sjølv om det var ganske store forskjellar mellom deltakarane rundt ynsket om «utvikling», var alle samde i bekymringa for at Hodlekve kan miste sjarmen og identiteten dersom ei eventuell vidare utvikling ikkje skjer på ein god måte.

Nokon hovudpoeng frå spørjeundersøkingane

- Dei fleste deltakarane har fått betre innsikt i eigne og andre sine verdiar.
- Dei fleste deltakarane har fått større forståing og respekt for andre sine perspektiv.
- Dei fleste deltakarane opplevde å bli lytta til og kjende seg trygge på å seie meininga si.
- Mange deltakarar fekk nye perspektiv og idear etter å ha lytta til andre.
- Mange deltakarar meinte at gruppa som heilheit var blitt meir einige om kva som bør prioriterast i Hodlekve.
- Mange av deltakarane opplevde at gruppa som heilheit i auka grad ynskte å nå eit kompromiss på tvers av ulike interesser.
- Mange deltakarar opplevde at dei gjennom prosessen har fått betre forståing for omsyn som må takast til miljø, økonomi og sosiale forhold.
- Nokon deltakarar følte at dei gjennom deltaking på verkstadene fekk moglegheit til å påverke korleis Hodlekve vil bli i framtida.

Dei offentlege diskusjonane kring utviklinga i Hodlekve har til tider vore nokså oppheta, noko som vitnar om store skilnader i ynske og behov hjå lokalbefolkninga. På dei to opne møta som Vestlandsforsking arrangerte i forbindelse med medverknadsprosessen såg vi større grad av polarisering og meir konfronterande utsegn enn vi gjorde på dei tre arbeidsverkstadane. Her kunne kven som helst kome og deltakarane kunne sette seg ved dei borda dei sjølv ynskte. Mangfald i interesser og ynske for Hodlekve var mindre på desse to møta enn i arbeidsverkstadane, der deltakarane var nøye utvalde og samtala var forankra i verdiar og strukturert slik at alle fekk taletid. Erfaringa herifrå synar at det å sikre at ulike interesser er representert bidreg til eit breiare mangfald av perspektiv, og bringer nyansar inn i samtalan.

Erfaringa frå arbeidsverkstadene og dei to opne møta tilseier at det er viktig med ulike arenaer der det går an å møtast og prate på tvers av interesser og visjonar. For å sikre at slike møteplassar blir ein stad der ein snakkar med kvarandre, ikkje om kvarandre, tydar vår erfaring på at det er viktig med ei viss fasilitering for å sikre at ulike stemmer får kome til orde. Vår erfaringa tilseier at det er mogleg å få til gode samtalar på tvers av grupper som kan resultere i ein meir nyansert debatt og meir berekraftige løysingar. Ein slik prosess kan også bidra til mindre polarisering i lokalsamfunnet og auke forståing og respekt for andre sine synspunkt.

- 
- I GRUPPA: Bruk dei neste 30 minutta på å diskutere kva for «raude trådar» eller prinsipp som går igjen i det folk har sagt. Skriv desse ned på post-it-lappar
 - I PLENUM: velg ein talsperson frå gruppa som fortel kva prinsipp de har funne fram til i gruppa dykkar

Anbefalingar til kommunen:

- Engasjementet hos folk i Sogndal må takast på alvor. Kommunen bør sikre god medverknad i den vidare planprosessen og ta seg tid til å forankre prosessen lokalt.
- Kommunen må sørge for at medverknadsprosessen vert godt kjend, slik at dei som ynskjer å bidra får høve til dette.
- Kommunen bør legge opp medverknadsprosessen slik at eit mangfald av perspektiv kjem til orde.
- Kommunen bør undersøke kva for befolkningsgrupper som ikkje nyttar Hodlekve i dag og som vanlegvis ikkje vert høyrte, og gjere ein ekstra innsats for å nå ut til desse.
- Medverknadsprosessen bør fokusere på dialog og kva ein kan lære av kvarandre, heller enn å argumentere for eller imot ulike perspektiv.
- Medverknadsprosessen kan med fordel gjere bruk av metodar og rammeverk som integrerer ulike dimensjonar av endring, som *dei tre sfærene for transformasjon*.
- For å skape tillit til planen bør kommunen sikre at perspektiva frå arbeidsverkstadane, dei opne møta og andre delar av medverknadsprosessen kjem til syne i den endelege kommunedelplanen.

2. Verdier og prinsipp som bør ligge til grunn for utviklinga

Det finst mange felles verdier og prinsipp blant deltakarane som kan danne utgangspunkt for det vidare arbeidet. Samtidig finst det ulike forståingar for kva desse verdiane og prinsippa betyr i praksis og det er viktig å jobbe med å konkretisere og nyansere desse, for på den måten å kome nærmare eit kompromiss mange kan einast om.

På verkstadene prata vi om kva som var viktig for kvar og ein av deltakarane ut frå ein tanke om at det som er viktig for oss bør leggjast til grunn for utviklinga av Hodlekve. På den fyrste verkstaden definerte kvar og ein viktige verdier for seg sjølv, og delte desse med gruppa si. Desse ti verdiane blei nemnd flest gonger:

Verdier som var viktige for deltakarane:

- **Engasjement:** Lokalt initiativ og samarbeid er avgjerande for å få ting til
- **Friluftsliv:** Naturopplevingar er grunnlaget for utviklinga i Hodlekve
- **Aktiv livsstil:** Bilfri bevegelse, fysisk og mental helse
- **Inkludering:** Hodlekve må vere for alle, med låg terskel for bidrag til planprosess
- **Samarbeid:** Det er betre og meir gøy i lag
- **Respekt for naturen:** Premiss for utvikling
- **Ærlegdom:** Om intensjon for utbygging og openheit rundt utviklingsprosessen
- **Rettferd:** Omsyn til og involvering av alle, inkludert eldre, unge, innvandrarar osv.
- **Mot:** til å tenke nytt, stå på, tro på seg sjølv og til å prioritere naturen
- **Måtehald:** Nøkternheit i ambisjon og framtoning og ein stegvis tilnærming

På den andre verkstaden jobba vi vidare med å definere prinsippa som bør liggje til grunn for utviklinga i Hodlekve. Sjølv om alle meinte at desse er viktige, viste det seg raskt at forståinga for kva desse prinsippa eigentleg betyr varierte mykje mellom deltakarane. Under har vi skildra kvart av dei sju prinsippa, inkludert nyansar og interne konflikter som det må arbeidast vidare med før dei kan brukast aktivt i arbeidet med utviklinga av Hodlekve.

Sju prinsipp for å omforme verdier til retningslinjer for utvikling i Hodlekve:

- | | | |
|----------------|-------------------|--------------|
| • Inkluderande | • Lokalt forankra | • Naturomsyn |
| • Tilgjengeleg | • Tett på naturen | • Attraktivt |
| • Møteplass | | |

Sjå side 7 og 8 for utdjuping om dei sju retningslinjene

Tilgjengeleg: Det skal vere lettvinnt å komme seg til Hodlekve og nytte seg av naturområdet og skisenteret.

Tilgjengelegheit vart forstått på to ulike måtar – moglegheita for å kome seg til Hodlekve og moglegheita for å gjere bruk av dei aktivitetstilboda som finst der. Nok ein gong meinte mange at Hodlekve allereie er tilgjengeleg og at utfordringa er å ta vare på denne kvaliteten, mens andre ynskte å gjere Hodlekve enda meir tilgjengeleg, til dømes for studentar utan bil og barnefamiliar med dårleg råd. Barn opplever andre utfordringar som ein bør lytte til, som at dei noverande heisane er skumle.

*Hodlekve er
ikkje for dyrt*

*Det trengst eit
betre tilbod av
offentleg transport
til Hodlekve*

*Det er viktig å
inkludere nye
befolkningsgrupper
i Hodlekve*

*Det er viktigare å halde
på dei som brukar
Hodlekve i dag*

Inkluderande: Hodlekve skal vere ein plass der det er rom for alle og der alle kjenner seg velkomne.

Mange opplever Hodlekve som ein inkluderande stad der det er plass til alle. For desse er det viktig at ikkje Hodlekve mistar denne kvaliteten når området eventuelt skal utviklast vidare. Ein del peika likevel på at nokre grupper, slik som innbyggjarar med fleirkulturell bakgrunn, i mindre grad brukar Hodlekve i dag, og at desse må kjenne seg velkommen. Andre var opptatt av at tilrettelegging for ei gruppe ikkje må gå på kostnad av opplevinga for andre brukarar.

Møteplass: Hodlekve skal vere ein plass der ein møtast med venner og kjente frå regionen og kan bli kjent med nye folk.

Alle deltakarane meinte at Hodlekve er ein viktig møteplass både regionalt og lokalt, og at det er viktig at eventuell vidare utvikling av Hodlekve støttar opp om dette. Dei fleste deltakarane var nøgde med noverande infrastruktur og møteplassar, slik som Dalalåven, men mange meinte at det kan vere fleire ulike møteplassar i Hodlekve enn det er i dag.

*Felles møteplassar
sikrar at ulike grupper
møtast på tvers*

*Vi treng fleire
møteplassar
som er tilpassa
ulike grupper*

*Skisenteret
må eigast
og styrast
lokalt*

*Skituristar utanfrå
er einaste måten å
sikre vidare drift i
Hodlekve*

Lokalt forankra: Utvikling i Hodlekve skal forankrast i lokale behov og lokalt engasjement.

Det var semje om at avgjerder rundt vidare utvikling må vere basert på premissar som er lokalt forankra. For mange betyr dette at skisenteret må eigast og styrast lokalt, og at ein bør unngå investorar utanfrå. Nokre meinte at eigarskapen med fordel kan spreia på fleire lokale hender for å styrke den lokale forankringa. For nokre var det viktig at utviklinga i Hodlekve fyrst og fremst prioriterer lokale brukarar og at stor tilstrøyming av folk utanfrå ikkje bør vere eit mål. Andre meinte at fleire folk utanfrå er einaste måten skisenteret kan sikre ein berekraftig økonomi.

Tett på naturen: Hodlekve skal vere ein plass der ein kjem i tett kontakt med naturen.

Naturen og friluftslivet er sjølve grunnlaget for at Hodlekve er viktig for innbyggjarane, og alle deltakarane var einige om at det nettopp er tilgangen på natur som gjer området unikt. Det var full semje om at vidare utvikling i Hodlekve må sikre tilgang på tilnærma urørt natur. Alle var einige om at eventuell ny infrastruktur bør støtte opp om moglegheita for å kome seg ut i naturen, men det var det var ulikt syn på om det er nødvendig med meir infrastruktur.

Heisar og stiar gjer naturen tilgjengeleg

Meir infrastruktur forringar naturen og opplevinga

Meir utbygging vil gå på kostnad av natur

Ein må bygge i høgda og på grå areal

Naturomsyn: Utviklinga i Hodlekve må skje med størst mogleg omsyn til naturen.

Alle deltakarane var einige om at eventuell utvikling i Hodlekve må ta omsyn til naturen, men kva ein legg i dette varierte frå deltakar til deltakar. For nokon betyr det at ein må prøve å minske fotavtrykket i naturen i nye utbyggingar. For andre betyr det å sette ein høg terskel for når det er nødvendig å bygge ut. Alle meinte at utbygging nødvendigvis vil gå på kostnad av naturen, men somme stilte spørsmål ved premissen om at ein må bygge ut i det heile.

Attraktivt: Hodlekve skal fortsette å utvikle seg og ha flotte tilbod til ulike typar av folk.

Dei fleste deltakarane meinte at Hodlekve er eit attraktivt tilbod i Sogndal og at det er viktig at det held fram å vere attraktivt. For nokre er det tilstrekkeleg å ta vare på dei tilboda som allereie finst der, mens andre meiner at skisenteret bør auke kapasiteten, inklusiv fleire heisar og traséar. Andre igjen meinte at meir slik infrastruktur vil gjere Hodlekve mindre attraktiv ettersom den urørte naturen er ein stor del av det som gjer området unikt. Dei fleste var einige om at det hadde vore bra å auke aktivitetstilbodet i sommarhalvåret, også med tanke på å sikre ein meir berekraftig økonomi for skisenteret, medan nokre var skeptiske til dette fordi tilrettelegging for friluftsliv sommarstid typisk vil krevje store inngrep i naturen.

Ein må halde på den lokale sjarmen i Hodlekve

Hodlekve må fornye seg for å halde seg attraktivt



Anbefalingar til kommunen:

- Kommunen bør gjere aktivt bruk av dei sju prinsippa og refleksjonane frå verkstadene i planarbeidet og sikre at desse og andre relevante prinsipp kjem til uttrykk i den endelege kommunedelplanen, slik at deltakarane kan kjenne seg igjen i resultatet.
- Kommunen bør undersøke kva syn ulike befolkningsgrupper har på utvikling av Hodlekve, og ta omsyn til ulike oppfatningar.
- For å sikre at planprosessen er godt forankra lokalt bør kommunen undersøke om det er andre prinsipp enn dei som kom fram på verkstadene som lokalbefolkninga ynskjer å prioritere.
- Utviklinga i Hodlekve bør skje på bakgrunn av verdiar som innbyggjarane kan kjenne seg att i og ein bør sikre ei direkte kopling mellom verdiar og prinsippa til faktiske planar og utviklingstiltak.

3. Premissar for utviklinga

Deltakarane var ueinige om fleire av premissane for utvikling i Hodlekve. Desse premissane må drøftast grundig før ein kan fastsette utviklingsmodellar og konkrete løysingar.

På den siste verkstaden diskuterte deltakarane korleis utviklinga kan ta vare på alle dei sju omtalte prinsippa – til dømes korleis ein både kan sikre naturomsyn, attraktivitet og tilgjengelegheit. Slike diskusjonar viste tydeleg at det tidvis er ulik forståing rundt premissane for utvikling i Hodlekve. Dette resulterer i ulike syn på moglegheiter og utfordringar for ei berekraftig drift av skisenteret, og forskjellige oppfatningar av kva som er praktiske og politiske løysingar. Det er særleg tre omstridde premissar som gjentatte gonger kom til syne i samtalandene, både på verkstadene og på dei ope møta. Vi anbefaler at kommunen gjer grundigare undersøkingar av ulike **økonomiske modellar**, **naturen sin verdi**, og i **synet på attraktivitet**. Desse undersøkingane kan vere både utgreiingar, spørjeundersøkingar og opne medverknadsprosessar.

Vurder alternative økonomiske modellar:

Vi opplevde at det er stor skilnad i oppfatninga rundt økonomien i Hodlekve mellom dei med og dei utan kjennskap til den daglege drifta av skisenteret. Mange uinnvigde opplever Hodlekve som kommersielt og dyrt, og noko ein trur håvar inn store overskot. Dei som er tett på drifta av skisenteret fortel derimot om ein kvardag der endane så vidt møtast, kor dei er avhengige av dugnadsinnsats og tomtosal for vidare utvikling. Her ser vi eit tydeleg behov for betre kommunikasjon og forståing mellom desse gruppene.

Det var stor usemje i om dagens økonomiske modell basert på sal av hyttetomter i Hodlekve er berekraftig, både sett ut frå ein miljømessig og ein økonomisk ståstad. Dagens økonomiske modell er eit spleiselag mellom ulike lokale aktørar, kor kommunen bidreg aktivt. Slik modellen er i dag er inntekter frå tomtosal avgjerande dersom ein skal vidareutvikle området. I tillegg er dei som eig hyttar eller leilegheiter i Hodlekve pålagt å kjøpe to heiskort årleg, noko som gir ein viss varig inntekt til skisenteret.

I møte med argument om at tomtosal er naudsynt for vidare utvikling stranda diskusjonane fort. Mange deltakarar ynskje ikkje at det skal byggast fleire hytter i området. Også representantar for skisenteret var inneforstått med at det må vere eit tak på kor mange hytter Hodlekve skal romme og at sal av hyttetomter ikkje kan vere ei varig inntektskjelde, trass i visse årlege inntekter frå pålagte heiskortkjøp. Ettersom spriket mellom mange innbyggjarar sine ynskje og den noverande finansieringsmodellen er nokså stor bør kommunen undersøke ulike økonomiske modellar og tilpassingar der skisenteret ikkje er avhengig av tomtosal til hytteutbygging for å sikre ein berekraftig økonomi. Det er verdt å merke seg at det var stor semje om at det ikkje er ynskjeleg å selje skisenteret til store selskap som driv skisenter andre plassar.

Alternative økonomiske modellar kan innebere:

- Medlemsskap og andelsfinansiering.
- Andre formar for samarbeid og finansiering med fleire offentlege og private aktørar.
- Utvida samarbeid om utdanning, forskning og teknologiutvikling med lokale kompetansemiljø for å utløyse midlar til forskning, innovasjon m.m.
- Vurdere former for dugnadsarbeid mot belønning/ kompensasjon som eit supplement til ulike økonomiske modellar.

Naturen sin verdi:

Det er store skilnader i kva ein oppfattar som natur. På same måte som i synet på økonomien i Hodlekve påverkar kunnskapen om og engasjementet for naturmangfald og miljøvern synet på naturen i området. Somme opplever at Hodlekve er tett på naturen, mens andre ser området som sterkt utbygd. Til dømes er det mange som kan einast om at utbygging av infrastruktur og hytter fører til tap av natur, men nokre peikar på at også sjølv anleggsverksemda forringar naturen i anleggsområdet på ein måte som ein ikkje alltid kan restaurere eller gjenopprette. Dette understrekar behovet for meir kunnskap, og at kommunen kommuniserer tydeleg korleis dei forstår ulike omgrep knytt til natur. Ei felles forståing for omgrep og kva som er status for naturen i Hodlekve i dag er viktig for å kunne einast om vegen vidare.

Trass i stor usemje rundt premisser og behovet for utbygging, var deltakarane likevel ganske einige om sentrale prinsipp ein bør jobbe med dersom ein skal bygge ut.

Kommunen sitt ansvar knytt til natur

- Kommunen bør prøve å etablere ei felles forståing av naturens verdi og status i Hodlekve i dag.
- Kommunen må sikre at utviklinga i Hodlekve vert kunnskapsbasert, mellom anna slik at sårbare naturtypar vert kartlagt grundig i planprosessen, at tiltakshierarkiet ligg til grunn for utviklingsarbeidet og at ein stillar krav til både utforming og framgangsmåte for vidare utvikling.
- Kommunen må sikre at planprosessen er i tråd med lovverk, forventningar og internasjonale forpliktingar.

Prinsipp det var stor semje om ved utbygging

- Utnytt grå areal og område som allereie er utbygd/ prega av aktivitet.
- Bygg tettare og meir skånsamt. Vurder å bygge meir i høgda.
- Ta vare på mest mogleg natur og sårbare naturtypar, t.d. myr.

Syn på attraktivitet:

Vi erfarer at det er stor forskjell i synet på kva innbyggjarane opplever som attraktivt. Somme vil ha fleire heisar opp i høgjellet og ned til riksvegen, andre vil ha meir konsentrert utbygging innanfor dagens grenser for området. Nokre ynskjer seg fleire hyttar i området, eller fleire parkeringsplassar, og andre vil ha stans i utbygging eller betre tilgang for dei utan bil.

Hodlekve har lukkast med å trekke til seg både lokale og folk utanbygdes, men det er ikkje sagt at denne utviklinga vil halde fram. Det reiser eit spørsmål om kva som skal til for at skisenteret skal halde fram med å vere attraktivt. Meningane er mange, og det er vanskeleg å seie kva fleirtalet i Sogndal ynskjer seg. Eit stort fokus blant mange er kva som skal til for å tiltrekke seg unge menneske i etableringsfasen.

Undersøk attraktivitet

- Kommunen bør undersøke kva innbyggjarane opplever som attraktivt i Hodlekve i dag, og kva ynske dei har for framtida. Vi foreslår å gjennomføre ei spørjeundersøking.
- Kommunen bør leggje særleg vekt på unge som nyleg har flytta til eller frå, eller ynskjer å flytte til kommunen.
- Kommunen bør inkludere barn i undersøkinga for å få eit bilete av kva dei opplever som attraktivt, slik at ein kan ta høgde for deira behov.



Anbefalingar til kommunen

- Kommunen bør vurdere ulike økonomiske modeller i Hodlekve i lys av miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.
- Kommunen må kartleggje naturverdiane i Hodlekve og leggje strenge føringar for kva og korleis vidare utbygging skal føregå.
- Kommunen bør sikre at innbyggjarane har ei mest mogleg felles forståing av naturen i Hodlekve.
- Kommunen bør undersøke kva som trekkjer folk til Hodlekve, og kva gamle — og ikkje minst nye — sogndølar ynskjer seg framover.

4. Openheit og kommunikasjon

I fleire tilfelle ligg kimen til konflikt, eller usemje om premissen for utvikling, i misoppfatningar og mangel på kunnskap. Det er eit stort behov for tydelegare kommunikasjon rundt eigarskap og prioriteringar i Hodlekve, og det er viktig å gjennomføre ein open og inkluderande planprosess.

Tydeleg kommunikasjon frå kommunen si side er viktig for å sikre forståing og dempe potensielle konflikter i lokalmiljøet. Dette kan skje gjennom bruk av nettsida til kommunen, sosiale medium, folkemøte, lokalavisa og info-skilt på viktige samlingspunkt. Tydeleg kommunikasjon er særleg viktig når det gjeld dei tre premissane frå kapittel 3 (økonomiske modellar, naturen sin verdi og i synet på attraktivitet). Til dømes må ein kommunisere tydeleg kva naturomsyn som vert tatt, slik at det kan bidra til ei felles forståing av kva som er akseptable naturinngrep i og rundt Hodlekve. Også det å kommunisere den økonomiske situasjonen i Hodlekve tydelegare til innbyggjarane vil bidra til meir forståing på tvers av grupper. Det er til dømes mange som ikkje er klar over at kommunen er majoritetseigar i Hodlekve. Dersom innbyggjarar var bevisst dette kunne det både endre synet på skisenteret og auke ynsket om å bidra til utviklinga.

Det er eit stort potensial for å gjere utviklinga og planane for Hodlekve meir transparente og opne. Ein mykje omtalt kime til konflikt er lovbrota som skjedde i samband med bygging av grusveg, masseuttak og pumptrack i Hodlekve i 2022. Fleire sit att med det inntrykket at lovbrota ikkje har fått konsekvensar. Her er det særskild viktig med openheit rundt kommunen si rolle, som i dette tilfellet både er eigar og tilsynsorgan. Likskap for lova er viktig for å sikre tillit til systemet, og det er avgjerande å sikre at slike lovbrøt ikkje skjer igjen.

Det er viktig å ha ein open og transparent prosess der innbyggjarane kan følgje avgjerder og framgang i planarbeidet. Dette kan gjerast ved å ta seg god nok tid til å sikre at ulike stemmer blir høyrd. På den måten kan ein bidra til at folk sluttar opp om og kjenner eigarskap til utviklinga. Samstundes er det også eit ynske frå utviklarane om å få fortgang på prosessen slik at dei får føreseielege rammer for det vidare utviklingsarbeidet. For å sikre omsynet til dei involverte er det viktig at det er framgang i planprosessen, utan at dette går på kostnad av ein grundig, brei og open planprosess.



Anbefalingar til kommunen

- Kommunen bør kommunisere tydeleg at dei er majoritetseigar i Hodlekve, og vere tydeleg på kva inntektene i Hodlekve går til.
- Kommunen bør kommunisere tydeleg kva for omsyn dei tek i ulike vurderingar i planprosessen, til dømes omsynet til natur.
- Kommunen bør invitere innbyggjarar breitt for å delta på ulike måtar i utviklinga av kommunedelplanen for Hodlekve.
- Kommunen bør vurdere å ta i bruk metodane, prosessane og lærdommane frå dette prosjektet i planprosessen for å bygge vidare på arbeidet med å auke dialog og forståing på tvers av befolkningsgrupper og brukarar av Hodlekve.

Vil du vite meir?

I denne rapporten har vi lagt vekt på læring og innspel til kommunen sin vidare planprosess for Hodlekve. Om du ynskjer å vite meir om bakgrunnen for prosjektet, metodane vi brukte, og den innsikta vi står att med, kan du finne meir informasjon her:



<https://www.vestforsk.no/nn/project/innfri-det-transformative-potensialet-til-naturbaserte-losninger-fra-fragmentering-til-0>